



**Aromantiske** – personar som sjeldan eller aldri blir forelska.

**Aseksuelle** – personar som sjeldan eller aldri blir kåte eller seksuelt tiltrekte av andre.

**Bifile** – personar som blir forelska i personar av ulike kjønn.

**Cis-personar** – personar som identifiserer seg som det kjønn dei blei tildelt ved fødselen.

**Ereksjon** – når blod strøymer til kjønnsorganet så det får ei reising.

**Erogene soner** – område på kroppen som kan gjere oss opphissa ved fysisk kontakt.

**Fingring** – seksuell stimuli ved å bruke fingrar inni eller utanpå vagina eller anus.

**Heterofile** – personar som blir forelska i personar av motsett kjønn.

**Homofile** – personar som blir forelska i personar av same kjønn.

**Ikkje-binær person** – person som ikkje identifiserer seg som verken jente eller gut.

**Jukking** – å massere erogene og sensitive område ved å gni seg inntil ting eller personar.

**Kjønnslemlesting** – fellesnemning for ulike typar inngrep på vulva der ytre kjønnsdelar blir fjerna heilt eller delvis, eller blir påført annan varig skade utan medisinsk grunngiving.

**Klitoris** – Den einaste funksjonen til klitoris er å skape seksuell nyting, og berre ein liten del – klitorishovudet – er synleg. Frå klitorishovudet strekker klitoris seg 6–8 cm bakover inn i kroppen.

**Overfall** – å overmanne og utøve vald og mot ein (som oftast) tilfeldig person på gata, i skogen, i ein bygning og liknande. Overfallsvaldtekt – ulovlege og uønskte seksuelle handlingar som skjer ved overfall.

**Overgrep** – ulovlege og uønskte seksuelle handlingar.

**Onani** – sex med seg sjølv: fingring, runking og jukking.

**Orgasme** – muskelsamantrekningar i kjønnsorganet og rundt i underlivet som kjennest deilig. Det er vanleg å tenke at orgasme er eit slags «klimaks» når ein har sex.

**Panfile** – personar som kan forelske seg i alle kjønn, eller som forelskar seg uavhengig av kjønn og kropp.

**Penis** – kjønnsorganet til dei av oss med utovertiss.

**Penishovud** – den svært sensitive ytste delen av penis.

**Pung** – hudsekk under penis der testiklane ligg.

**Runking** – måten dei av oss med penis onanerer. Oftast seksuell stimuli ved bruk av hender eller liknande utanpå penis, i ein opp-og-ned-bevegelse.

**Samleie** – Det de fleste vil kalle å «ha sex med sex» eller å «liggje» med nokon. Samleie kan vere vaginale, det vil seie med penis eller andre objekt som for eksempel ein vibrator i skjeden, men vi kan også ha anale samleie.

**Samtykke** – eit anna ord for «løyve».

**Seksualitet** – kven, korleis og kva vi liker i seksuell samanheng.

**Sex** – å utføre seksuelle handlingar med seg sjølv eller andre.

**Skjede** – inngangen og gangen inni vulva, fødselskanal og forplantingsorgan.

**Seksuell omgang** – lovas omgrep «seksuell omgang» omfattar samleie, men også samleieliknande forhold, som for eksempel alle former for inntrenging i kroppens holrom av gjenstandar eller kroppsdelar.

**Transpersonar** – personar som identifiserer seg som eit anna kjønn enn det dei ble tildelte ved fødselen.

**Testiklar** – I testiklane startar produksjonen av sædcellene, og hormonet testosteron blir også produsert her.



**Vagina** – Vagina er skjeden.

**Valdtekt** – ulovleg sex som blir definert som «å ha seksuell omgang ved bruk av tvang, truslar, makt eller vald; å ha seksuell omgang med nokon som er bevisstlaus, søv eller er så fulle at dei ikkje er i stand til å vise at dei ikkje har lyst; å true eller bruke vald for å få nokon til å ha seksuell omgang med andre eller med seg sjølv».<sup>1</sup>

**Vulva** – heile kjønnsorganet til dei av oss med innvertiss. Vulva består av klitoris, ytre og indre kjønnslepper.

<sup>1</sup> Lovreglane om valdtekt i Noreg anno 2022 inneheld ikkje eit krav om at den seksuelle omgangen skal vere frivillig, men er i staden avgrensa til å skildre dei bestemte omstenda som ikkje inneheld eit gyldig samtykke, som bruk av vald, truande åtferd, eller at personen er bevisstlaus.

«Samtykkealliansen» jobbar for å endre norsk lov på dette punktet. Sjå <https://samtykkelov.no/>